



GRATULASJONAR: Stortingsrepresentant Geir Pollestad (Sp) var ein av gjestane under markeringa. Han fekk gratulera Hanne Kari Wedøe Bakke (f.v.), Ingebjørg Gudmestad Wold, Kristin Skrettingland-Haarr og Erna M. Urdal. Anna Stangeland var ikkje til stades då biletet vart teke.

Fyrst ute med ny utdanning

Dei fem fyrste bachelorgradane i bygdeutvikling er gjennomførte på Særheim.

LEIF TORE SÆDBERG | tekst og foto
lts@jbl.no

UTDANNING: Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) hadde fredag festkveld i Rogaland Landbrukspark. Då vart det markert at dei fyrste bachelorgradane i bygdeutvikling er fullførte.

Ære

Ingebjørg Gudmestad Wold, Kristin Skrettingland-Haarr og Anna Stangeland frå Hå, Hanne Kari Wedøe Bakke frå Grimstad og Erna M. Urdal frå Sokndal er dei fyrste fem med dette vitnemålet.

– Ein stor dag, og ei stor ære å få dela dei ut, sa rektor ved HLB, Dag Jørund Lønning under markeringa.

HLB er aleine om denne bachelorutdanninga i Norden, og fleire studentar kjem til å fullføra henne om ikkje så lenge. Studiet er organisert med månadlege samlingar, og dei fem som vart feira har jobba ved sida av, med arbeid som gjerne har tilknytning til feltet dei har fordjupa seg på.

Kjekt

– Ein kjekk måte å studera på. Eg trur dette kan gjeva nye jobbmo-

glegheit, meiner Erna M. Urdal, som skreiv bacheloroppgåve om korleis historiene som lever i landskapet rundt oss kan takast i bruk som ressursar for reiselivet.

Ingebjørg Gudmestad Wold og Kristin Skrettingland-Haarr skreiv oppgåva saman. Ho handlar om jærlandskapet som utviklingsressurs, med spesiell vekt på kunstnarar og forfattarar.

Sjølv har Wold nytta kultur og historie som ressurs: Ho er kjent som ein av drivarane av Köhler-Paviljongen, og produserer rabarbrasaft basert på oppskrift som vart teken med til Næsheim av denne familien.

– Historie og kultur opnar eit handlingsrom som kan utnyttast. Det finst utallige måtar ein kan gjera det på, uttalte Wold under presentasjonen av oppgåva.



HELING 1: Hadle Nevøy, landbruksdirektør i Rogaland.



HELING 2: Janne Johnsen, fylkesordfører i Rogaland.

Helsingar

Fleire kjente personar innan politikk og landbruk var til stades under feiringa, mellom anna stortingsrepresentant Geir Pollestad (Sp). Han tala til både skulen og studentane med ei oppmoding om å halda på det som er annleis.

– De må våga å bidra med nye perspektiv. De må vera annleis, det er difor de vil lukkast. Dei største endringane på Jæren har ikkje berre skjedd i landskapet, men like mykje i hovuda våre. Eg gler meg til å høyra dykk i samfunnsdebatten i framtida, sa Pollestad.

Fylkesordfører Janne John-

sen (H) meinte fylkeskommunen kunne ha eitt og anna å læra i høve til deira eigne utdanningsstadar, dei vidaregåande skulane, i høve til fokus på økologi.

– Eg er bomsikker på at HLB ikkje stansar med ein bachelor. Difor ser eg fram til å koma på master-utdeling om nokre år, sa fylkesordføraren.

Landbruksdirektør Hadle Nevøy meinte studentane hadde vald ei utdanning for framtida.

– Det er eit sug etter denne typen kompetanse. Han er kjærkommen i høve til korleis Rogaland skal utviklast vidare, uttalte Nevøy.



VI RYDDER!

Topper
utvalgte modeller

1 for **100**

3 for **200**

Bukser
utvalgte modeller

1 for **150**

2 for **200**

ÅPNINGSTIDER:
MANDAG-FREDAG 9-15
TORS DAG 9-18
LØRDAG STENGT



KLEPPEKROSSEN
TLF. 51 42 65 15

Eg er bomsikker på at HLB ikkje stansar med ein bachelor. Difor ser eg fram til å koma på master-utdeling om nokre år.

FYLKESORDFØRAR JANNE JOHNSEN